Støymåler´n
5/6-2003

Desember 2003:

# Åmot kommune vant prinsippene, tapte saken



Foto Henry Johnsen, Trysil

Miljøverndepartementet har nå entydig slått fast kommunenes rett til å ha reguleringsbestemmelser om støy i sine planer.

Likevel valgte departementet - med *hensiktsmessighet* som begrunnelse – å ta til følge Forsvarsbyggs innsigelse mot kommunens bestemmelser om støy i reguleringsplan.

side 8

# «Vi skal ikkje kvile før vi får sove»

Globalt er flyveksten på 5 % i 2003. Over heile Europa planlegges nye flystriper. Trafikkframskivingane møtes no med solidaritet mellom organisasjonar av berørte naboar, berørte naboregionar og mellom land, om tiltak som kan stoppe veksten i flytrafikken.

Fleirtalet av dei 200 som møttes til støykonferanse i Brussel i november var klår i vilje og første mål: Åtte timar nattestenging av alle flyplassane i Europa, kl 23.00-07.00.

Spørsmåla på konferansen var mange: Kven bestemmer strategiane for behova for flytrafikken? Kvifor skjer det arbeidet uavhengig av bærekrafttenkninga? Kvifor kjem ikkje den sanne kostnaden for samfunnet fram? Kva er alternativa?

side 3

## Støy - for dyrt å bry seg om?



Uno Abrahamsen, styremedlem i Støyforeningen, drøfter grunner til at det har vært så vanskelig å prioritere dette miljøområdet.

side 4-5

## Lokal støykamp kronet med seier

Motgang i kommunen og tap i rettssaker snudde seg til seier for Håkon Andresen og hans naboer.

side 6

## Stille, ja, men slett ikke uten tyngde

da Norsk forening mot støy den 16.september feiret 40 år i stillhetens tjeneste.

side 7

## Sokndal og Trondheim

Sokndal kommune i Rogaland er Nordens første cittaslow-kommune.
Trondheim første norske kommune i den europeiske miljøtrafikkuka.

side 8

## Årets siste sjanse

Som tidligere annonsert i Støymålern er Støyforeningen godkjent som gavemottaker med fradragsrett for giver. Giroen som medfølger er årets siste anledning til å benytte denne muligheten.

### 1. februar 2004

er fristen for å melde saker til årsmøtet. 18. mars er datoen for årsmøtet i Norsk forening mot støy.

Kontakt:
tlf 22 20 07 20 eller
Storgt. 45, 0182 Oslo
post@stoyforeningen.no

Norsk forening mot støy
WWW.STOYFORENINGEN.NO

Layoutloftet DesignByrå www.layoutloftet.no



# Nasjonalt - lokalt - INTERNASJONALT

Støykonferansen som er omtala på neste side viser at støyproblem også må arbeides med internasjonalt, anten det er samarbeid i og om organisatoriske, politiske og juridiske strukturar og verkemiddel, og om det er tiltak mot flystøy eller til dømes produktkrav til bilindustrien.

Alt frå oppstarten i 1963 søkte Støyforeningen samarbeid med organisasjonar i andre land, for å dra nytte av deira organisasjons- og arbeidsform og for samarbeid. Støyforeningen var ut århundret medlem av ein internasjonal paraplyorganisasjon med sete i Sveits.

Organisasjonen er oppløyst og fleirtalet av dei tidlegare medlemane har blitt medlem av European Environmental Bureau, EEB. I oktober vart Støyforeningen oppteken som medlem i EEB.

Som medlem får vi betre tilgang til viktig informasjon. Vi kan konsultere og bruke nettverket deira, og kanalisera innspel til og gjennom EEB. Vi kan lettare samarbeida med andre støyorganisasjonar om tiltak og saker, og få støtte til våre saker når det trengs.
For Støyforeningen er det ei oppgåve å sørge for at det internasjonale tener det nasjonale og lokale engasjementet. Eit døme:

Veksten i flytrafikken er ikkje bærekraftig. Ikkje internasjonalt. Ikkje i Norge. Det veit den norske regjeringa. Det veit dei som bur i støyen rundt flyplassane. Fleire tiltak må til.

«Kampen for 8-timarsnatta» er her - nattetstenging av flyplassane frå kl. 23.00 til 07.00 bør vere første tiltaket. Avinor skal no spare masse pengar og spørsmålet går til Oslo lufthavn og Samferdselsdepartementet: Kvifor ikkje redusere kostnadene og samstundes betre miljøprofilen til flyplassen med betra helse for naboane?



**AV TORLEIF JOHNSEN**
*Redaktør for Støymåler´n.*



# Folk mot støy

## Trygve Hallingstad

**Då skuldingane mot Støyforeninga hagla som verst, i 1989, var det framfor alt Trygve Hallingstad som var skyteskive. 1982-84 var Hallingstad styremedlem i Støyforeningen, og med bakgrunn frå Vegdirektoratet var han fram til 1990 medlem av foreningens sakkunnige utval, med vegtrafikk som spesialfelt. I dag er han Noregs miljøråd i Brussel.**

**«Må`kke komme her og komme her», var melodien den gongen. Skyttarrørsla organiserte 400 000. Støyforeninga med 710 medlemmer våga seg til å ha meiningar om kva for støykrav som skulle gjelde når støyretningslinjene for skytebanar skulle utarbeidast. I store regisserte avisoppslag vart han utpeikt som «moldvarpen» i Miljøverndepartmentet.**

**Retningslinjene for skytebanar, som vart vedtekne i 1993, gjer unnatak for eksisterande banar, og dei gjeld framleis. Det seier noko om kor kort me har kome.**

Frå 1984 var Miljøverndepartementet arbeidsplassen. Etter EU-røystinga i 1994 vart det oppretta ei ordning der norske embetsmenn skulle plasseras i det svenske miljøverndepartementet, for å oppnå lettare tilgang til EU i miljøspørsmål. Hallingstad var førstemann til Sverige, og var der til 1997.

**Retten til miljøinformasjon**

Før han hausten 2002 vart stasjonert som miljøråd ved Norges delegasjon til EU, i Brussel, var Hallingstad med på å utarbeida den norske miljøinformasjonslova, som vart vedteken av Stortinget våren 2003 og som trer i kraft 1.1.2004. Retten til miljøinformasjon er grunnlovsfesta, og miljøinformasjonslova er eit direkte resultat av «Århus-konvensjonen» frå 1998 om tilgjenge til informasjon, ålmentas medverknad i avgjerdsprosessane, og tilgjenge til domstolsprøving. Hallingstad gler seg også på EUs vegne.

*- Det ligg no til rette for at EU snart kan gjere som Noreg, ratifisere Århus-konvensjonen. Det vil innebere store omleggingar på dette forsømte området i EU og medlemslanda.*

**EUs støydirektiv**

I juli 2004 skal EUs rammedirektiv for støy vere innordna i heile EØS-området. Hallingstad opplyser at ingen av dei nye EU-medlemmane har bede om eller får overgangsordning for støydirektivet, til forskjell frå andre rammedirektiv - som for vatn, kjemikaliar og lokal luftureining.

*- Forklaringa er støydirektivets rolle, som er å førebu landa for tiltak. Støy er lite påakta. Direktivet skal m.a. gjennom harmonisering av målemetodar og kartlegging sikra viktig felles grunnlag som drivkraft for seinare felles regelverk.*

I januar 2004 skal EU-kommisjonen framlegge ein evalueringsrapport om framdrifta i støyarbeidet i EU, for EU-parlamentet og EUs ministerråd. EU får neste år mange nye medlemsland. I juni 2004 er det val til nytt EU-parlament.

*- Noverande EU-parlament er ikkje så driftige i miljøspørsmål som forrige. Austutvidinga er eit miljøprosjekt. Men all infrastruktursatsinga og den frie flyten av varer og tjenester er ei bakside.*

Hallingstad gratulerer Støyforeningen med forankringa i EEB.

*- Meir og meir politikkutforming skjer internasjonalt og det er viktig å ha kontakter og tilgang til informasjon.*


Støymåler'n

**NYHETSBREV FOR NORSK FORENING MOT STØY**
Adresse: Storgata 45, 0182 Oslo
Telefon: 22 20 07 20
E-post: post@stoyforeningen.no
Nettside: www.stoyforeningen.no
Red./adm.: Torleif Johnsen, Lucien Cabral
Redaksjon avsluttet 17.desember 2003
Medlemskonto: 0537 0644 278

Norsk forening mot støy
WWW.STOYFORENINGEN.NO

STØYKONFERANSE, BRUSSEL, NOVEMBER 2003:

# Miljøstyrt utvikling

**Brussel og Belgia var riktig sete for støykonferansen som den grøne gruppa i EU-parlamentet inviterte til i november. I løpet av dei fire siste åra har flyplassen utanfor Brussel endra flytraseane åtte gonger og var i vår årsak til regjeringssamanbrot.**

**Innan juli 2006 skal EU-kommisjonen komme med framlegg til underdirektiv på fleire område, herunder eit om flystøy. Eit formål med konferansen var å bidra til fortgang i arbeidet med flystøydirektivet. Kommisjonen er motvillig. Støyforeningen var der.**



*Protest Trafalgar Square oktober 2000 Kommunane rundt Stansted flyplass utanfor London fryktar planar om 127 millionar passasjerar i 2030, frå Gardermoen nivå på 12 millionar i 2000*

*av Torleif Johnsen*

## Flyfrakt og chartertrafikk nattetid

Flyfraktselskapa har i mange år spelt land og flyplassar ut mot kvarandre. Det har stått om arbeidsplassar og aksepten for selskapa har gått på helsa laus. Til dømes har fraktselskapet DHL no 25-40 flygningar frå Belgia kvar natt.

”Den fjerde runden” er eit omgrep i Tyskland. Når natta tas til hjelp så rekk charterselskapa fire rundar til det blåe Middelhavet, og full bruk av kapasiteten gir lågare prisar for dei ferierande.

Tyskland nektar bruk av sitt luftrom for flygningar til og frå Zûrich i tidsrommet 21.00 - 07.00 på vekedagane og 20.00 - 09.00 i helgene, og har fått medhald for tiltaket av EU-kommisjonen. Til store protestar frå dei delar av Zûrich som rammes av traseomleginggane. Flyplassen i Zûrich ligg 15 km frå grensa til Tyskland. For flyplassen i Geneve er løysinga at Sveits no betaler for støytiltak på 800 hus på fransk side av grensa.

I Madrid sel dei som har råd til låge prisar, og flytter bort frå støyen. Områda rundt flyplassen vert marginalisert. Ny flyplass er vedteke, men ingen veit kvar og når den kjem. Foreløpig ønskjer sement- og bygningsindustrien heller utviding med flere rullebaner, og det er regjeringa blind for.

## Bank utan miljøkrav

Den europeiske investeringsbanken (EIB) sitt budsjett er større enn alle andre finansielle institusjonar sine, inkludert den mykje meir diskuterte Verdsbanken. EIB er eigd av medlemslanda i EU. Sjøl om miljøkrava til banken ikkje er strenge, brytes dei i utlånspraksisen. I femårsperioden fram til 2002 lånte EIB ut meir enn 60 mrd. kr til flysektoren, 20 % av utlånsbudsjettet, utan vilje til å vurdere miljøkonsekvensane. Dette kjem fram i ein rapport som Friends of the Earth m.fl. la fram under konferansen, og som set søkjelys på den nære relasjonen mellom dei europeiske regjeringane og flyindustrien, og at den indirekte støtta frå EU-landa til flysektoren er på 250 mrd kr årleg.

## Ny politikk tvingar seg fram - uansett

Fordi den internasjonale luftfartsorganisasjonen (ICAO) ikkje gjer noko, så ser EUs miljøkommisær Margot Wallström på fleire muligheter som kan stoppe veksten i flytrafikken: Flydrivstoffavgift, utslippsavgifter og meirverdiavgift på alle flygningar internt i EU.

I framlegget til grunnlov for EU er det høve til å oppmode EU-kommisjonen om å framsetje framlegg om spørsmål som borgarane meiner treng heimel for gjennomføring av grunnlova. Slike borgarinitiativ må vere på minst 1 million underskrifter av borgarar frå mange av medlemslanda.

Dersom ikkje EUs etablerte organ klarar å handskes med den veksande flytrafikken, natt som dag, er det krefter i mange medlemsland som raskt vil sørge for eit borgarinitiativ med krav om åtte timar nattestengde flyplassar i heile Europa.

## SIDAN SIST

### Støyforeningen medlem av EEB, European Environmental Bureau

I haust vart Støyforeningen medlem av EEB. EEB har om lag 150 medlemmer frå om lag 30 land i Europa. Frå før er Bellona norsk medlem.

EEB samordnar organisasjonanes arbeid mot EU og medlemslanda. Det EU gjer får verknader for andre delar av verda, og er difor eit omsyn som EEB har med i sitt arbeid. Meir om EEB: www.eeb.org

### European Union Against Aircraft Nuisances (UECNA)

UECNA er ein paraplyorganisasjon for nasjonale og lokale lag som arbeider med alle plager frå fly. UECNA ønskjer seg medlemmer frå Norge. www.uecna.org

### Heathrow naboane går politisk

Då dei etter ti år kamp i domstolane ikkje fekk medhald i Den europeiske menneskerettsdomstolen i sommar om at Heathrow måtte halde nattestengt, satsar dei no politisk gjennom EU.

Menneskerettsdomstolen var uansett ein halv siger ved at den med 16 mot ei røyst fastslo at det britiske rettssystemet ikkje hadde gitt naboane akseptabel rettargang.

### ”Et supersonisk mareritt”

”Overlydsfly er helsefarlige” ”Stopp overlydsflyene” er overskrifter i Støyforeningens klipparkiv frå 1971.

Der fortelles det om nordisk samarbeid om forbod mot overlydsfly, at den mest effektive måten å få stoppa dei på er å gjere dei ulønsame for flyselskapa og at det gjeres best ved at mange nok land forbyr dei å fly over sine landområde. Concorde-flya var særs ulønsame, og vart i haust parkert for godt.

Støyen frå eitt Concorde-fly tilsvarar 147 Boeing 747-fly.

### Nye fly gir meir støy

Dei nye Airbus-flya A 380 som no skal i produksjon vil støye meir en dei eldre flytypane, som på grunn av sitt støynivå no fases ut og ikkje er tillatne i bruk frå april 2004. Det tyske naturvernforbundet fastslår at argumenta til produsenten fell som korthus.

Uno Abrahamsen:

**Norsk forening mot støy er 40 år. De som stiftet foreningen var framsynte og prøvde før miljøvernet kom skikkelig på den politiske dagsorden på begynnelsen av 70-tallet å ta tak i et viktig samfunnsproblem. Men hvorfor har det vært så problematisk å prioritere dette miljøproblemet på linje med andre miljøproblem?**

# STØY – for dyrt til å bry seg om ?

St. meld. Nr 25 (2002-2003) slår fast at *«støy er et av de store gjenværende miljøproblemene. Støy skaper helse- og trivsels-problemer, gir søvnforstyrrelser og påvirker konsentrasjon, kommunikasjon og læring. Støyproblemene er størst i byer og tettsteder og langs trafikkerte veier og andre transportårer. Fredelige omgivelser handler både om fravær av støy og om den positive opplevelsen av stillhet. Det er derfor viktig både å redusere den støy som omgir oss daglig og å sikre stille områder for friluftsliv og rekreasjon».*

Den nye meldingen gir en meget god fremstilling av de problem som støy skaper og har slått fast rimelig gode målsettinger. Men svikten er total når det gjelder virkemidler og konkrete tiltak. Som vanlig. Mens utredningene gjennomføres og forskningen går i bølger, er det lite som skjer.

St. meld. 50 har nettopp fylt 25 år. Dette var første gang støy ble satt på den politiske dagsorden. Hovedresultatet var støyskjermer og fasadeisolering rundt noen av våre viktigste innfartsveier. I tillegg ble det gitt startsignal for utvikling av diverse støy-retningslinjer. Mens dette nødvendige arbeidet pågikk, økte støyproblemene som følge av den alminnelige samfunnsutviklingen – særlig vegtrafikkstøyen.

SFT gjennomførte et krafttiltak i 1985 da en omfattende handlingsplan mot vegtrafikkstøy ble utarbeidet. Miljøverndepartementet hadde ikke politisk vilje og evne til å følge denne opp.

Venstres Odd Einar Dørum har gjennom en årrekke vært en aktiv pådriver for å få støyproblemene på den politiske dagsorden. Som samferdselsminister i Bondeviks 1. regjering i 1997 tok han initiativ til å prioritere støyproblemene i samferdselsektoren. Dette var starten på en ny giv både i Samferdselsdepartementet og i Miljødepartementet. Det er derfor med skuffelse vi nå kan konstatere at det løftet som Dørum ga støyarbeidet i 1997 har fått et klart tilbakeslag med årets St. meld. Nr 25. Bondevik II er gått tilbake til start. Hvorfor?

## Vi vet nok

Det er viktig med forskning for både å komme fram til gode tekniske løsninger og for bedre å forstå virkningene. Men i hovedsak mener vi å slå fast at det ikke er manglende kunnskaper som er flaskehalsen for å få gjort noe vettugt.

## Hvem belastes med støy?

Når den siste Stortingsmeldingen beskriver støyproblemene, får man lett inntrykk av at «alle» i samfunnet utsettes for støy og at støyen rammer tilfeldig. Slik er det selvsagt ikke. Grovt sett kan man si at dersom du bor dårlig, har dårlig råd og bor langs en hovedgate rammes du av støy. Villaeierne i forstedene til Oslo bruker bilen inn til arbeidet, og rammer dem som ikke bor fullt så bra med støy. For å bruke en annen vinkling: «Når skiten från fabriken faller ned på sjefens hatt, så får du en miljødebatt», fritt oversatt fra den svenske 70-tallsvisa. Støyproblemet fordeles sosialt ujevnt.

## Støy - et lokalt problem

Ulike internasjonale konvensjoner

er uhyre viktige drivkrefter for bedring av nasjonale tiltak. Den mest vellykkete globale avtalen er den såkalte Montreal-protokollen for reduksjon av ozon-reduserende stoff til atmosfæren. FNs miljøprogram (UNEP) beskjeftiger seg ikke med støyproblem. På grunn av støyens lokale karakter er det vanskelig å konkurrere med de øvrige miljøutfordringene. Støy havner lavt på den politiske dagsorden.

## Støy - et strukturelt problem

I hovedsak er støy et samferdselsproblem Konsekvensen er at støy samtidig er et planleggingsproblem. Andre hensyn enn støy – trafikken må jo fram, kan ikke stoppe «utviklingen», det er en naturlov at trafikken øker etc får lett gjennomslag i planprosessen. Bosettingsstrukturen, boliger ett sted, forretninger et annet sted, arbeidsplasser et tredje sted, skaper strukturer som driver fram mer støy. Støytiltak fremkommer som lappverk etter at strukturen som skaper støy er gitt pga samfunnsutviklingen».

Miljøverndepartementet har de senere årene hatt som policy å delegere flere og flere saker til et lavest mulig forvaltningsnivå – fra departementet til SFT, fylkene og kommunene. De fleste sakene på støyområdet havner følgelig hos kommunene – uten at kommunene har hatt tilstrekkelig kompetanse. Samtidig er det uklart hvem i kommunen som har støyansvaret. Det lette svaret er at høyeste byråkrat delegerer det til en miljøvernavdeling med dårlig politisk backing og manglende tyngde. Dersom den i det hel tatt finnes. I tillegg er støy på mange måter et komplisert problem (50 dBA + 50 dBA = 53 dBA). Faglig innsikt er nødvendig, og den er mangelvare.

## Støy - et kommunalt problem

Støy er et lokalt problem og følgelig et kommunalt problem. Noe av problemet består i at støyhensyn ivaretas av tre lovverk; Plan- og bygningsloven, Kommunehelseloven og Forurensningsloven.

Den viktigste strategien for å unngå støyproblem er å sikre at slike hensyn ivaretas i planleggingsstadiet. Støyproblemer i detaljplanleggingen henger gjerne sammen med manglende styring av støyspørsmål i kommunenes overordnete planlegging. Store utfordringer ser ut til å være knyttet til fortetting av sentrumsområder, utbygging langs trafikkerte veger og lokalisering av støyende industri og annen virksomhet nær boliger, institusjoner og friluftsareal. Nye boliger sniker seg inn på eksisterende veger og skytebaner. Neste trinn er kampanjer for støydemping eller fjerning av skytebanen.

Byggeforskriftenes krav og bestemmelser gitt i reguleringsplaner følges på papiret. Men ansvaret for at kravene ivaretas er primært lagt til byggherren, men det er dårlig med stikkprøver og kontroller. En annet utfordring er å trekke helsemyndighetene på regionalt og lokalt nivå inn i behandlingen av konsesjonssaker etter Forurensningsloven. Grenseverdiforskriften som ble fastsatt i 1997, kunne vært et tjenlig og godt verktøy. Men igjen, mangel på ressurser og kompetanse er en viktig flaskehals for at de gode hensikter oppnås.

Kommunehelselovens intensjoner på støyområdet – oversikt og kartlegging av miljøforhold som kan ha betydning for folks helse og sørge for at problem blir rettet opp blir ikke ivaretatt. Kommunene har verken tid eller kapasitet. Resultatet er at støy delegeres ned til det laveste forvaltningsnivå. Der mangler det både kompetanse og kapasitet.



**I jubileumsåret har markante personer som har vært med på å stake ut kursen for Norsk forening mot støy reflektert over utviklingen: Jan Brøgger, Bjørn Dirdal, Odd Einar Dørum og Mutt Aiello, Marie Nordby og Anne Marstein.**

**I forbindelse med Støyforeningens jubileumsfeiring i september ble i alt fire kronikker trykket i norske aviser. Tre av kronikkene er det lenke til fra www.stoyforeningen.no:**

**«Mot støy - for stillhet!», Nationen 16. september, av Nils Faarlund, medlem av Støyforeningens sakkyndige utvalg.**
**«Politikerne og støyplage», Dagsavisen 18. september, av Kjell Dahle, Støyforeningens styreleder.**
**«Min kamp mot støy», Adresseavisen 19. september (senere også i Aftenposten), av Jan Brøgger, Støyforeningens initiativtaker.**

**Uno Abrahamsens kronikk i Nordlys den 18. september gjengis her.**

**UNO ABRAHAMSEN**
**er registrert som Støyforeningens medlem nr 001. Abrahamsen var alfabetisk det første navnet da Støyforeningen la medlemsregistret over på data i 1992.**

**Allerede i 1975 var Uno Abrahamsen (f. 1944) aktiv i forbindelse med etableringen av Norsk forening mot støys servicekontor, og er nå styremedlem i Norsk forening om støy.**

**Uno Abrahamsen er utdannet sivilingeniør. Han har jobbet i Statens forurensingstilsyn (SFT) i 25 år, blant annet med støy. Han har også jobbet tre år for FNs miljøprogram i Paris og ved Teknologisk institutt i Oslo. Nå er han seksjonsleder i Direktoratet for arbeidstilsynet.**

# Støykamp kronet med seier



Etter tredve år med stadig økende støyplage fra den stadig voksende hjørnesteinsbedriften Hustadmarmor i Fræna kommune, manglende forståelse i kommunalt byråkrati og politisk ledelse, og tap i mange rettssaker endret det seg for naboene da SFT i 1999 påla kalksteinmølla Hustadmarmor å innløse boligene til tre av dem. I 2001 opprettholdt Miljøverndepartementet SFTs vedtak.

Etter underskjønn i tingretten anket både bedriften og to av boligeierne saken om innløsningsverdiene. Helt til mai i år like før rettsforhandlingene i lagmannsretten hevdet Hustadmarmor at Miljøverndepartementets vedtak var ulovlig.
Lagmannsretten gir i dom i år den ene av boligeierne medhold i at det er gjenanskaffelsesverdien på huset, og ikke den lavere salgsverdien, som skal legges til grunn for innløsningen. Krav om nybygg ble det ikke gitt medhold i. Retten ga boligeier moralsk støtte for å ha flyttet fra huset i 1998, men ikke medhold i krav om å få dekket merkostnadene med å holde to hus i 4,5 år.

Hustadmarmors ankegrunnlag var at de mente at Miljøverdepartementet ikke hadde lovhjemmel til å pålegge bedriften å innløse naboeiendommene, og at vedtaket bygget på feil faktum. Anken ble trukket like før hovedforhandingene i Lagmannsretten etter at naboene fremla nye støymålinger.

Hustadmarmor ble også dømt til å betale alle saksomkostninger, herunder advokatsalær, naboenes tapte arbeidsfortjeneste og utgifter til egen sakkyndig til å foreta støymålinger.

**Norsk forening mot støy takker sine støttespillere:**

Støymåler´n
(og *mange* andre medlemsblader)
trykkes av
Arkan Kopi & Digitaltrykk
Tlf: 22 43 33 77 - www.arkan.no

**Copyleft Software**
Begynn en gradvis overgang til fri programvare / open source / Linux i din bedrift eller organisasjon.
**Spar penger og øk sikkerheten.**
Copyleft Software AS - 22 71 67 00 - post@copyleft.no

REDUSER STØYEN




BRÅK!
SPESIAL PRODUKTER SØR
38 01 55 94, post@spesialprodukter.no, www.produkter.no

KAEFER
ISOLERINGSTEKNIKK A/S
**Boks 544 Høyden, 1522 Moss**
Telefon 69 26 70 00 Faks 69 25 48 00
E-post: kaefer@kaefer.no www.kaefer.no

**STØY?**
Ikke noe problem. Kontakt oss og vi løser ditt problem.
Ring oss for kursinformasjon.
**Brüel & Kjær**
Brüel & Kjær Norge AS Tlf: 66 77 11 55
Postboks 80, 1371 Asker Faks: 66 77 11 50
e-post: akustikk@bksv.no web: www.bksv.no

**Lyd- og støymålere for alle behov!**
Norsonic
Postboks 24, 3421 Lierskogen www.norsonic.no
Tlf 32 85 89 00 Faks 32 85 22 08 info@norsonic.no

**Kan bestilles på www.stoyforeningen.no :**

For informasjon se www.soundear.dk
SoundEar®
- Se hvor høy støyen er

**Brekke & Strand akustikk as**
Alle konsulenttjenester innen:
- akustikk for bygg
- samferdsel og industri
- rådgivning
- kartlegging
- overvåkning
- målinger
- prosjektering
Hovfaret 17, 0275 Oslo tlf: 24 12 64 40
firmapost@ba-akustikk.no www.bs-akustikk.no

**Statkraft Grøner**
Akustikk - støy - vibrasjon
Fornebuveien 11, postboks 400, 1327 Lysaker
telefon 67 12 80 00 faks 67 12 58 40
e-post jaa@statkraftgroner.no

**MULTICONSULT** har ett av Norges største og ledende fagmiljøer innen akustikk, støy og vibrasjoner.
TJENESTER:
- Støy og vibrasjoner fra samferdsel og industri/offshore
- Bygningsakustikk
- Lydmålinger
- Elektroakustikk
- Kurs og foredrag
tlf: 22 51 50 00 e-post: so@multiconsult.no www.akustikk.com

# Stille markering av Støyforeningen

Av Øystein Berntzen, Forum for miljø og helse
Foto: Anne-Marie Astad

**Stille, ja, men slett ikke uten tyngde. Norsk forening mot støy feiret 40 år i stillhetens tjeneste.**

Det var mange som den 16. september møtte opp i Akersgaten 21 for å gratulere Norsk forening mot støy med dens inntreden i de middelaldrendes rekker. Blant de omkring femti deltakerne, hadde så mange som femten rosende ord å komme med til jubilanten. Og til tross for foreningens snevert definerte engasjement, så var det bredde blant og ikke minst stor tyngde hos gratulantene, både fra foreningens egne rekker og utenfra.

## Mange talere

De offentlige myndigheter var representert ved Marie Nordby fra Statens Forurensningstilsyn, Anne Marstein fra Statens Vegvesen og miljøvernleder i Oslo kommune Guttorm Grundt. Andre miljøvernorganisasjoner hadde også bedt om ordet. Grønn Hverdag, Stiftelsen Idébanken, Naturvernforbundet og Bellona stilte også i rekken av gratulanter. Fra de berørtes rekker stilte Nina M. Hagebakken fra BIO-RØ (Berørtes Interesseorganisasjon Regionfelt Østlandet) og Anders Hegre fra Hørselshemmedes Landsforbund. Et overraskende høydepunkt i arrangementet var utdelingen av æresmedlemskap til professor og initiativtaker Jan Brøgger og Mutt Aiello, foreningens frontfigur gjennom ett kvart århundre

## Problematisk støy

Talerne gikk bakover i tid og berømmet det arbeidet som allerede er gjort, samtidig som de så fremover på det arbeid som må gjøres. For det er liten tvil om at støy er et problem, enten det er fra samferdsel, uteliv, naboer, skytefelt eller selvpåført støy av typen lommedisko. Dette er støyplager som i verste fall går på folks helse løs. Jan Brøgger og Guttorm Grundt beskrev støy som et større forurensningsproblem enn $CO_2$. I tillegg kommer da det Bernt Bull treffende betegnet som hverdagslivets støyside; summen av alle de sterke og svake lyder vi alle daglig beveger oss i. Problemet ved denne støyen er at den ikke berøres av loven og at effektene av den vanskelig lar seg dokumentere. Støy har, slik Marie Nordby fra SFT påpekte, i likhet med annen forurensning en sosial dimensjon. Det er ikke beslutningstakerne selv som plages av støy, men de fra lavere sosioøkonomiske sjikt av samfunnet, med dertil svakere kanaler inn til de organer hvor beslutninger fattes.

## Nødvendig nettverk

Et gjennomgående tema var Støyforeningens funksjon som nettverk med grener inn i fagmiljøer og politiske fora. Av foreningens drøyt 800 medlemmer, var 10% listekandidater ved det nylig avviklede kommunevalget; og det fra samtlige partier! Denne sterke kommunikasjonskanalen til lokale beslutningstagere er en enorm styrke i kampen mot støy, og viser samtidig hvordan engasjementet går på tvers av det politiske landskap. Foreningens viktige rolle ble av gratulantene videre begrunnet i dens faglige styrke, høye troverdighet og tyngde i samfunnslivet. Samlet gjør dette Norsk forening mot støy til en uformell, men viktig arena for samtale mellom ulike offentlige etater. Vi slutter oss til gratulantene.



*Støyforeningens to første æresmedlemmer ble utnevnt på jubileet: Mutt Aiello (daglig leder 1975-99) og Jan Brøgger (initiativtaker i 1963), her flankert av dagens styreleder Kjell Dahle (til venstre).*



*Fra venstre: Jan Brøgger og Kjell Dahle sammen med et knippe av tidligere styreledere: Johannes Wiik, Jan Oddvar From, Olav Flaten og Bjørn Dirdal.*



*SFT, representert ved Marie Nordby, var blant de mange gratulantene. Torleif Johnsen, daglig leder siden 1999, mottar de velfortjente blomstene.*

Tidligere publisert i tidsskriftet Miljø & helse 4/2003

B-blad
Returadresse:
Norsk forening mot støy
Storgt. 45
0182 Oslo

## Desember 2003:
# Åmot kommune vant prinsippene, tapte saken

**Hensiktsmessighet var Miljøverndepartementets begrunnelse for å ta støy ut av kommunens reguleringsplan.**

**Enige om hovedprinsippene**
*- Åmot kommune har hele tiden ment at utslippstillatelse etter forurensningsloven måtte samkjøres med planarbeidet etter plan- og bygningsloven,* og være på plass før Forsvarsbygg kunne igangsette utbygging av skytefeltet, presiserer prosjektleder Finn Nygård. Forsvarsbygg (FB) var imidlertid ikke villig til å justere sin tidsplan for arbeidet med utsippsøknaden for å til dette, men krevde samtidig at de kommunale planene måtte ferdigstilles.

Uten utslippstillatelsen på plass mente kommunen som planmyndighet derfor at bestemmelser om støy var nødvendig for å kunne vedta de kommunale reguleringsplanene og gi byggetillatelser.

Det likte ikke Forsvarbygg, som la inn innsigelse i to reguleringsplaner, blant annet med den begrunnelse at kommunen ikke hadde lovhjemmel til å ha reguleringsbestemmelser om støy i sine planer. Det fikk altså ikke FB medhold i. Nygård legger til: *- I en så stor og spesiell sak som dette ville det beste vært at kommunen som planmyndighet og SFT som forurensningsmyndighet koordinerte og samordnet sitt arbeid. Kommunen tok tidlig i planprosessen initiativ til dette, og det er svært uheldig at så ikke skjedde. Det ville også ha vært helt i samsvar med den samordningen som planlovutvalget legger opp til i sitt forslag til ny planlov.*



Foto Håkon Løkken

*Miljøverndepartementet overkjørte i desember kommunen, en måned før konsesjonen fra SFT foreligger. Dersom Forsvarsbygg ikke hadde fremmet innsigelse til forurensningsbestemmelsene i reguleringsplanen for Angrepsfelt Sør i RØ, kunne FB har startet byggingen der umiddelbart etter kommunestyrets behandling 10. april 2003. Slik det er nå vil det ikke kunne skje før på nyåret 2004.*

**Overkjøring likevel**
I strid med kommunestyrets klare oppfatning strøk departementet støybestemmelsene i reguleringsplanen for Angrepsfelt Sør, og godkjente planen uten støybestemmelser - selv om utslippstillatelsen ikke forelå - fordi de mente det var mest *hensiktsmessig.* Kommunen ble overkjørt. I uttalelse til departementet om saken tidligere i høst varslet kommunestyret at dersom dette ble utfallet ville ingen nye reguleringsplaner bli sluttbehandlet i kommunen før utslippstillatelse for RØ er på plass.

*- Realiteten etter dette er at reguleringsplanen for Angrepsfelt Sør er den eneste planen i RØ som blir endelig vedtatt uten at noen støyhensyn er avklart.*

**Standard Norge**
I november ble virksomheten til Norsk Allmennstandardisering, Norges Byggstandardiseringsråd, Norges Standardiseringsforbund og Norsk Teknologisenter overført til Standard Norge. Det er Norges Byggstanadrdiseringsråd som har utarbeidet lydkravene til blant annet boliger, etter byggforskriften.

**Grenseverdiforskriften I**
Miljøverndepartementet har formelt ennå ikke tatt stilling til SFTs forslag fra august om å svekke den gjeldende grenseverdiforskriften for støy.
- Det er ikke lurt å svekke grenseverdier på miljøsiden, advarte tidligere miljøvernminister Thorbjørn Berntsen i forrige utgave av Støymåler'n.

**Grenseverdiforskriften II**
I løpet av desember sender SFT et nytt forslag til endring av grenseverdiforskriften for støy. Denne gang for å tilpasse vårt regelverk til EUs rammedirektiv for støy. Den nye grenseverdiforskriften er den viktigste norske tilpassingen til direktivet, og det knytter seg spenning til hvordan SFT har løst oppgaven.

**Trondheim først i trafikk**
Nå avtroppet Høyre-ordfører Anne Marie Slungård sørget for at Trondheim ble første norske kommune til å binde seg for deltakelse i hele den europeiske miljøtrafikkuka, da hun den 22. september signerte det europeiske charteret for uka. Miljøtrafikkuka er på faste datoer, 16. - 22. september.
Torget i Trondheim sentrum ble i sommer stengt for biler og åpnet for annen bruk. Det nye sentrum-venstre flertallet i bystyret vedtok i november å gjenåpne, i alle fall inntil videre, det for biler, etter ønske fra handelsstanden.

**Sokndal første Cittaslow**
Med Levanger like i hælene kan Sokndal kommune erklære seg som først nordiske «Slow city»-kommune. Bevegelsen har utspring i italienske kommuner, og det er ikke mindre enn 55 kriterier som må oppfylles. Cittaslow-kommunene skal ha mindre støy, mindre biltrafikk, flere parker, mer lokalkultur, færre skrikende reklameplakater og neonlys og satsing på lokale matretter.

**SISTE: «Gratulerer Prinsdal»**
- avsluttet Rina Brunsell Harsvik, Arbeiderpartiet, sitt innlegg da Oslo bystyre den 17. desember vedtok at Prinsdal skytebane, sør i Oslo skal nedlegges.
Før høstens valg inntok AP, SV, Venstre og KrF en felles posisjon i saken. Partiene utgjør et flertall i det nye bystyret, og lovde Prinsdal-bygda fred og ro innen halvannet år

**Husk: Støyfri dag 2004/International Noise Awareness Day 2004 er onsdag 28. april**